

PROSESSEN MED Å FÅ FRAM STAD SKIPSTUNNEL I STORTINGET.

STATUS ULTIMO OKTOBER 2006

Vi ser no at prosjektet er inne i ei vesentlig fase, i og med to regjeringar har sagt at prosjektet Stad Skipstunnel skal fram for stortinget som eiga sak i 2006. Difor er det svært viktig å halde trykket oppe, og Prosjektgruppa Stad Skipstunnel har difor jobba målretta med nettverksbygging og spreing av kunnskap.

Dette har vi gjort så langt:

- Januar 2006 – Møte med ordførarar i Bergen/Ålesund – Bergen Næringsforum
- Februar 2006 – Stand på Haugesundskonferansen - Haugesund
- Mars 2006 – Arrangert Stadkonferansen i Ålesund – over 100 deltakarar
- Vår 2006 – Møte med Samferdsleminister og Fiskeri og Kystminister - Oslo
- April/Mai 2006 – Koordinering Kystdirektoratet – vurdering og justering av prosjektet.
- Juni 2006 – Møte med dei parlamentariske leiarane for regjeringspartia Ap, Sp og Sv.
- September 2006 – Møte med Kinesisk delegasjon saman med Kystverket.
- September 2006 – Ny brosjyre produsert
- Oktober 2006 – 3 minutt film laga – klipp frå hovudfilm. (jatoja.no)
- Oktober 2006 – Deltaking på Konferansen Transport og logistikk

Det har også vore mykje aktivitet utanom dette, og nettverket har arbeidd godt. Det har vore hyppig kontakt i pådrivargruppa – som har jobba opp mot ulike aktørar – og hatt møter med desse. Vi har også vore til stades i ulike fora som ein såg viktig for kunnskapsspreing, og ein har kjensla av at ein er på rett veg – men det er langt att.

Difor er det viktig at alle som kan og vil, nyttar dei kanalane som ein har til å spreie rett informasjon om prosjektet.

Pressa i vårt område har vore aktiv. Difor er det viktig at vi no fokuserer positivt på argumenta som målber budskapen om kvifor Stad Skipstunnel er viktig. Signala om at ein vil ha utgreia prosjektet vidare – gjer at det vert lenger fram før ein ser målet (Stortingsvedtak) – men ein får i alle fall enno betre grunnlag for å sjå på kost/nytte – også for større fartøy.

Vi har sett fokus på Næringslivet sine behov, med regularitet, brekkasje og ikkje minst potensialet for reiselivet. Det er sannsynleg også at ein vil få fram nye produkt – som skal skipast ferske til Europa. Vidare er samferdsle på kysten vesentlig – ved å knyte regionane saman. I botnen ligg sjølvsaugt tryggleik for dei som må forsere havstykket utanfor Stad – og dei som er heime. Siste året har også miljøargumenta vorte meir synlege, i og med Stad Skipstunnel (ved å opne proppa i Riksveg 1) kan spare 50 – 100 vogntog dagleg gjennom austlandet – og vidare i Europa. Når vi no har fått kunnskap om at transportselskapa manglar 3000 årsverk, er det klart at Regjeringa må få realisert målet om meir gods frå veg til sjø – og dette er også ei satsing i Europa – der EU har sitt Marco Polo prosjekt som går på det same.

Med helsing
pådrivargruppa Stad Skipstunnel

John Breivik
Prosjektl. <- Stad Skipstunnel ->
Dagleg leiar Vanylven Vekst KF

Ståle Olsen
Prosjkkoord
DL Selje Vekst

Gunn V Helgesen
Ordførar
Selje Kommune

Jan Helgøy
Ordførar
Vanylven Kommune

Stad Skipstunnel
co Vanylven vekst KF
PB 50
6139 Fiskåbygd

Kontakter:
Dagleg leiar Van. Vekst: John Breivik – mob 92650581
e-post john@breivik.org

Bankkonto 3790.13.21761
Org nr: 986 928 510